

FACT NORDHORDLAND

FACT står for «Flexible Assertive Community Treatment», og kan omsetjast til fleksibelt, aktiv oppsøkjande behandlingsteam. I FACT-team vert behandlinga flytta ut av kontor og institusjon til der pasienten bur eller oppheld seg.



- *eit prosjekt i samarbeid med Helse Bergen, Bjørgvin DPS og kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen.*



KONTAKTINFORMASJON

*Vi held til i lokala til Bjørgvin DPS, Knarvik , Kvassnesvegen 63.
Vi flytter inn i helsehuset når det er klart.*

Telefon resepsjon: 56343250 kl. 08.00-15.30

Telefon teamleiar: 476 20 767 kl. 08.00-15.30

MÅLGRUPPE

Målgruppa til FACT-teamet er personar over 18 år med alvorleg psykisk lidning, med omfattande funksjonsnedsetnad. I tillegg kan dei t.d ha rusproblem eller ikkje klare å gjere seg nytte av eller følgja opp dei vanlege behandlingstilboda. Tilbodet er til menneske med behov for behandling over lang tid.

Vi tilbyr oppsøkjande behandling og oppfølging med fokus på pasienten sine betringsprosessar, «Recovery», og tilpassa etter pasientens sine ynskje og behov:

FACT-teamet vil ha fokus på:

- Pasienten sitt perspektiv, ressursar og miljø
- Å fremja meistring og sjølvstende
- Behandling med medisinar ved behov
- Symptomlindring
- Rusbehandling
- Familie/ nettverksstøtte
- Støtte/ rettleiing til å meistra daglege gjøremål
- Arbeid, bustad, meningsfull aktivitet og fritid
- Samtaleterapi
- Støttesamtalar
- Individuell plan og kriseplan
- Samarbeid med fastlege og andre aktuelle aktørar



I FACT-team vert behandlinga flytta ut av kontor og institusjon til der pasienten bur eller oppheld seg, men det er òg mogeleg å komme til samtaler på kontoret.

Teamet har ulike gruppetilbod ein kan benytta seg av, til dømes IMR (Individuell mestring og tilfriskning), kunst og uttrykksterapi og musikkterapi.

TILSETTE

Teamet er tverrfagleg samansett og består av psykiatrar, psykologspesialist, psykiatriske sjukepleiarar, vernepleiar med spesialkompetanse, sosionom, brukarspesialist og jobbspesialist (IPS). Dei er tilsett i kommune- eller spesialisthelsetenesta.

TILVISINGAR

Pasienten sjølv, familien, den kommunale helse- og omsorgsenesta eller andre, kan kontakta FACT-teamet for generell informasjon om kva FACT-teamet kan tilby og kven som er i målgruppa, samt for å konsultera på anonymt grunnlag om ein pasient kan vere aktuell for FACT-teamet. Tilvisinga må likevel sendast fra lege/ fastlege, DPS o.l

Det er viktig at det kjem fram av tilvisinga at den skal rettast til FACT Nordhordland.

***Tilvisinga kan sendast til Bjørgvin
psykosebehandling, enten elektronisk eller med
post til:
Helse Bergen HF, Haukeland
universitetssjukehus, Postboks 1400, 5021
Bergen***